



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

AGI EIENDOM AS

Urdavegen 1

5750 ODDA

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Christina Nyland Jacobsen	467 46 205	2025/12206-21		02.02.2026

Underretning og kopi av protokoll - oppmålingsforretning - 133/14

Det vart halde oppmålingsforretning den 23.01.2026 over parsell av gards- og bruksnummer 133/14 – der grunnlaget for forretninga er delingsløyve gjeve i sak 2025/12206.

Vedlagt følgjer underretning som viser grensepunkt som har blitt endra, og ei koordinatliste som spesifiserer desse grensepunkta. Klagefristen for utført matrikkelføring er tre veker. Viss kommunen ikkje høyrer noko innan denne fristen, vil grensene verte rekna som godtekne i tråd med matrikkellova § 46 og forvaltningslova § 29.

Vedlagt følgjer også protokollen for oppmålingsforretninga. Den er no klar for gjennomsyn. Matrikkelloven kap. 9 § 46 gir partane det vedkjem, klagerett på oppmålingsforretninga si utføring og med dei grenser som ble klarlagd under forretninga. Eventuelle merknader kan sendast skriftleg til underteikna så snart som mogleg og seinast innan 23.02.2026. Nye matrikkeleiningar og arealoverføringar blir sendt til tinglysing for oppretting/overføring i grunnboka. Etter tinglysing vil nytt Matrikelbrev blir sendt til alle aktuelle partar.

Ver venleg og bruk følgjande referanse dersom du har spørsmål til kommunen: **2025/12206**

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Christina Nyland Jacobsen
Ingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.